



Helse- og omsorgsdepartementet

MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref:

Vår ref
2014/601-2

Sakshand:
Per Dehli, 35065103
per.dehli@seljord.kommune.no

Arkivkode:
G21

Dato:
10.04.2014

Høyringsuttale om reservasjonsordning for fastlegar

Her følger særutskrift av kommunestyret si sak nr. 21/14

Melding om vedtak er Seljord kommune sitt svar på Helse- og omsorgsdepartementet sitt brev av 21.1.14 om reservasjonsordning for fastlegar.

Vedtaket vart gjort med 15 mot 6 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 03.04.2014

Seljord kommune støttar ikkje departementet sitt framlegg om at kommunar skal kunne inngå avtale om reservasjon med fastlegar som av samvitsgrunnar ikkje ynskjer å tilvise kvinner til abort. Vi meiner at ved å signere ei fastlegeavtale med ein kommune, aksepterer ein gjelande lovverk med alle tilhøyrande oppgåver.

Vi meiner at omsynet til kvinna i ein sårbar situasjon bør vege tyngst i denne saka, og ynskjer difor ikkje ein reservasjonsmoglegheit for fastlegar.

Seljord kommune meiner og at Stortinget må definere lovverket og ikkje overlate til kommunane å lage eigne lokale reglar i ei lovbestemt sak.

Med helsing

Per Dehli
Rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.